



Standardvilkår for løyving frå næringsfondet

Vedteke av kommunestyret i Fyresdal kommune 28.01.2016 – sak 2015/631

Verksemd:	
Beløp:	Kr.
Type tilskot:	
Dato for løyving:	
Saksnummer:	

1. Aksept av vilkår for løyving

Ved underteikning av dokumentet erklærer søker at vedkomande er kjend med – og aksepterer – vilkåra som er sett for løyvinga frå næringsfondet i Fyresdal kommune, samt "Reglar for bruk av næringsfondsmidlar i Fyresdal kommune".

2. Tidsperspektiv for gjennomføring

Arbeidet, prosjektet eller investeringa skal som hovudregel gjennomførast i løyvingsåret og det påfølgjande året. Om gjennomføringa av tiltaket må ha lengre varigheit, skal dette gå fram av vedtaket. Formannskapet kan etter søknad gjere unntak.

3. Innsynsrett, vilkår og kontroll

Desse vilkåra skal vere oppfylt når tilskot vert gjeve:

- Kommunen har innsynsrett i rekneskapen i verksemdar som søker eller har fått tilskot frå næringsfondet.
- Verksemda må ha eige organisasjonsnummer.
- Verksemda må vere registrert i Fyresdal og ha etablert kontor, utsal, produksjon eller annan relevant, fast knyting til kommunen.

Formannskapet kan i særskilte tilfelle gjere unntak frå eitt eller fleire av desse vilkåra.

Kommunen kan seinare be om ei skriftleg evaluering av tiltaket det er løyvd midlar til.

4. Inndraging av midlar

Midlar som er løyvd frå næringsfondet kan heilt eller delvis krevjast betala tilbake om søkeren har gjeve feil opplysningar i søknaden og dette har ført til feil utbetaling av tilskot, eller om midlane ikkje vert nytta i samsvar med dei føresetnader som låg til grunn for løyvinga.

Ved nedlegging eller flytting av verksemda innan _____ år, skal tilskotet betalast tilbake.

Formannskapet kan etter søknad gjere unntak eller redusere kravet om tilbakebetaling.

Eg/vi aksepterer med dette vilkåra for løyvinga frå næringsfondet, slik dei er spesifisera over.

Stad/dato

Underskrift:

Desse vilkåra er laga i to eksemplar og begge skal underteiknast.

Det eine eksemplaret skal søkeren ha,

det andre skal returnerast til Fyresdal kommune, Klokkarhamaren 6, 3870 Fyresdal.